

Foto: Ingeborg Sol Fure

Haugland Rehabiliteringssenter

# ÅRSRAPPORT 2023

## Mangfald, motivasjon og meistring

**Røde Kors** Haugland Rehabiliteringssenter AS

Haugland
Rehabiliteringssenter

## STYRET

**Styreleiar** Elsbeth Sande Tronstad
**Nestleiar** Børre Jacobsen

**Styremedlem**
Bjørn Lied Tønnesen
Arve Sandal
May Aasebø Hauken
Katrine G. Hjertholm
*(tilsettrepresentant)*
Karine H. Rønneseth
*(tilsettrepresentant)*

**Varamedlem**
Jofred Åsnes
Nina Holmelid
Hilde Grinde

## BRUKARUTVALET

Brukarutvalet skal sikre brukaren si stemme og hjelpe Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter med å ha god kvalitet i tilbodet. Brukarutvalet er oppnemnt av leiinga med bistand frå FFO, og representerer ulike brukargrupper. ved senteret.

**Medlemmer**
Gerd Torkildson, Kreftforeningen, Sogn og Fjordane
Synnøve Solhaug Engen, Hørselshemmedes Landsforbund Vestland
Linda Blålid, CP-foreningen Vestland

**Varamedlemmer**
Ingeleiv Haugen, Foreningen for muskelssyke Vestland (FFM Vestland)
Thorbjørg Aasen, LHL Sogn og Fjordane (LHL Askvoll)

Grafisk formgjeving: VOOKAL, Førde

# Innhald


**Som del av Røde Kors har vi et samfunnsansvar** 3
**Utan rehabilitering vil fleire hamne utanfor** 4
**Dei viktigaste sakene i 2023** 6
- Sikra ny avtale, men uroa for nedskjeringar i tilboda 6
- Satsar på barn og ungdom 6
- Døgnbasert arbeidsretta rehabilitering har god effekt 10
- Vi er Miljøfyrtårn-sertifisert 11
- Ny pasientfløy 12

**Forsking og utvikling** 14
- Vi digitaliserer samhandlinga med pasienten 15
- App for barn og ungdom 16
- Nettverksarbeid 17
- Kompetanspreiing 17

**Rehabiliteringstilbodet i 2023** 18
- Kven var pasientane? 18
- Kartlegging: Dei fleste oppgir at helsa blir betre 19
- Brukarevaluering: Høg tillit og opplevd betring i fysisk og psykisk helse 21

**Badeland** 22
**Årsrekneskap** 23
**Noter** 28
**Melding frå uavhengig revisor** 33

# Som del av Røde Kors har vi et samfunnsansvar

*HELSING FRÅ STYRELEIAR ELSBETH TRONSTAD*



*Styreleiar: Elsbeth Sande Tronstad*

Vi er en liten, men viktig del av den globale ideelle organisasjonen Røde Kors.

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS (RKHR) er vårt formelle navn. I dagligtalen forenkler vi og snakker om «Hauglandsenteret.»

Det forplikter å være eiet av verdens største humanitære nettverk - Røde Kors - og ha organisasjonens navn som del av sitt eget. Navnet vårt viser at vi er del av en humanitær organisasjon som skal hindre og lindre menneskelig nød og lidelse.

I 1980 testamenterte oversakfører Christian Bekker sin flotte eiendom i Fjaler kommune til Sogn og Fjordane Røde Kors med klar beskjed om at eiendommen skulle brukes til humanitære og inspirerende formål.

De første årene ble eiendommen brukt til leirskole, og som aktivitetssenter for personer med eller uten funksjonsnedsettelser. Siden ble det et helsesportsenter og i dag er vi godkjent som det rehabiliteringssenteret vi er.

Vi føler sterkt på samfunnsansvaret vi har. Vårt formål er å tilby rehabilitering for personer som står i fare for å få avgrenset sin funksjonsevne. Alle som kommer til oss skal bli møtt med respekt og likeverd og få hjelp til å bli kjent med ressursene de har, som de kan bruke til å få et bedre liv etter oppholdet.

I Norge er Røde Kors en beredskapsorganisasjon og en viktig del av den norske redningstjenesten. Røde Kors er også støtteaktør for norske myndigheter. Flere av de aktivitetene Røde Kors har støtter og utfyller tjenestetilbudet til det offentlige.

Sånn som vi ved Røde Kors Haugland Rehabiliteringsenter bidrar til. Vi utfører oppgaver innen spesialisert rehabilitering som spesialisthelsetjenesten er pålagt å gjennomføre, der det offentlige ikke strekker til. Slik passer aktiviteten vår godt med Røde Kors sin samfunnsrolle.

Vi er en liten, men for vår målguppe - pasienter med rehabiliteringsbehov – viktig del av denne globale ideelle organisasjonen. Røde Kors er en familie vi er stolt av å være del av.

*– Elsbeth Tronstad, styreleiar*

# Utan rehabilitering vil fleire hamne utanfor

*HELSING FRÅ ADMINISTRERANDE DIREKTØR INGER JOHANNE OSLAND*



*Administrerande direktør Inger Johanne Osland. Foto: Ingeborg Sol Fure*

## Har vi råd til å kutte i rehabilitering i ei tid då vi stadig høyrer om at fleire fell utanfor?

Som ein ideell institusjon som leverer rehabiliteringstenester til det offentlege, er det alltid spenning knytt til inngåing av nye avtalar. Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter har hatt driftsavtale med Helse Vest RHF sidan 2006.

Avtalane har vore av varierande lengde, men i botn har det alltid vore ei gjensidig forståing for dei oppgåvene som vi som ideell aktør skulle løyse. Vi skal supplere det offentlege tilbodet og bidra til at innbyggjarane i vår helseregion skulle få den spesialiserte rehabiliteringa dei har behov for.

Avtala som vi inngjekk med Helse Vest RHF i desember 2023, gjer oss imidlertid grunn til uro. Reduksjon i tilbodet på nærare 30 % vil føre til at færre pasientar vil få eit tilbod. Det gjer òg signal om kva rehabiliteringsfeltet har i vente. Mindre døgnrehabilitering, meir dag- og poliklinisk rehabilitering og meir rehabilitering over til kommunane.

Dette skjer samstundes med at Riksrevisjonen i sin rapport konkluderer med at 60 % av kommunane har utfordringar med å gje innbyggjarane den rehabiliteringa dei har behov for, og at 85 % av kommunane manglar kompetanse som er nødvendig for å kunne gje tilfredsstillande rehabiliteringstilbod.

Har vi råd til å kutte i rehabilitering i ei tid då vi stadig høyrer om at fleire fell utanfor? Ifølgje NAV står ein av fem i yrkesaktiv alder utanfor arbeidsliv eller utdanning, og NAV sine oversikter viser at over 50 % av dei som fell utanfor, gjer det av helsemessige årsaker. Kan rehabilitering bidra til å at fleire får delta i samfunns- og arbeidsliv?

Vi trur at dei som i dag fell utanfor har ressursar som vi som samfunn har behov for. Vi trur at om vi klarer å inkludere fleire, er vi med på å skape betre liv for alle. På side 11 kan du lese om Gunvor. Ho er ei av dei som har deltatt på eit døgnbasert arbeidsretta rehabiliteringsprogram på senteret. Dette ga ho trua på at ho kunne bidra, at ho hadde ressursar som kunne kome til nytte.

Arbeidsretta rehabilitering er eit spesialisert, tverrfagleg og intensivt tilbod som varer over fleire veker. Det er

eit tilbod som viser seg å vere samfunnsøkonomisk lønnsomt. Effektstudien frå NTNU frå mars 2023, viser at døgnbasert arbeidsretta rehabilitering bidreg til at fleire kjem i arbeid og bruker mindre helsetenester enn dei som har fått eit enklare poliklinisk tilbod.

Det handlar om meistring, om å bryte grenser og tørre å gjere ting ein ikkje har gjort før. Petrine på 9 er ei av dei som har fått gjort nettopp dette. Etter alvorleg sjukdom fekk ho delta på eit rehabiliteringstilbod for barn på senteret. Målet med opphalda er å legge til rette for meistring og bidra til at det enkelte barn/ungdom tek eit steg mot eit meir aktivt og deltakande liv. For Petrine og familien betydde det òg å få bearbeida det dei hadde vore gjennom. «Vi hadde mykje å arbeide oss gjennom begge to. Det skjer mykje psykisk i eit slikt løp» seier far i intervjuet etter avslutta opphald. Intervjuet med Petrine finn du på side 7.

Rehabilitering er ein prosess som går over tid, der ein skal lære å meistre eigen sjukdom og finne nye vegar til deltaking, enten det gjeld deltaking i eit arbeidsliv, fullføring av skule og utdanning eller auka deltaking i sitt nærmiljø. I tillegg til intensiv trening og tett oppfølging av det tverrfagleg rehabiliteringsteamet, er også likepersonarbeid, det å treffe andre i same situasjon, dele erfaringar og lære av kvarandre, ein viktig del av rehabiliteringsprosessen. Vi meiner at institusjonen vår ikkje berre har erfaring og spesialisert kompetanse som er viktig for rehabiliteringa. Vår helsesportsprofil og tilrettelagte fasilitetar både inne og ute, gjev gode moglegheiter for læring og meistring.

Over 1200 pasientar fekk eit rehabiliteringstilbod ved senteret i fjor. Deira tilbakemeldingar både gjennom brukarevalueringa og kartleggingsskjema, tilseier at dei har fått eit tilbod dei har hatt god nytte av. Vi håper at dei som er ansvarleg for å sørge for gode helsetenester til befolkninga, ser verdien av det vi gjer, slik at dei som har behov for eit slikt tilbod også skal kunne få det i framtida.

*– Inger Johanne Osland, Administrerande direktør*



# Dei viktigaste sakene i 2023

## Sikra ny avtale, men uroa for nedskjeringar i tilboda

RKHR har driftsavtale med Helse Vest. I november 2023 tildelte Helse Vest ny avtale for dei fire komande åra, med opsjon for fire år til.

Avtalen sikrar drifta dei fire komande åra, men det er urovekkande at omfanget av tilbodet vert kraftig redusert. Nedskjeringane i kjøp av rehabiliteringstenester frå private ideelle institusjonar skjer i heile Vestland og andre stader i landet.

I den nye tildelinga vert det samla talet på døgnplassar ved senteret redusert med 27 prosent. Dette gjeld tilbodet til pasientar med kreft, nevrologiske og nevromuskulære lidingar (t.d. Parkinson), kronisk muskel- og bløtdelssmerte, sjukleg overvekt og døgnplassar for arbeidsretta rehabilitering.

I praksis betyr det ein nedgang frå 70 til 50 pasientar som til ei kvar tid er på rehabilitering ved senteret. Som følge av reduksjonen i avtalen, var senteret nøydd til å redusere bemanninga noko.

Ingen tilsette har blitt sagt opp eller permittert, og nedbemanning er løyst naturleg gjennom utløpte vikariat og stopp i nytilsetjingar. Trass i nedskjeringane, skal RKHR gje eit tilbod av like høg kvalitet som før.

> *RKHR er ein viktig kompetansearbeidsplass i området, som har bygd opp eit tilbod med høg og anerkjent kvalitet. Det er ei urovekkjande utvikling at senteret no må redusere aktiviteten. Både fordi RKHR er den største private arbeidsplassen i Fjaler, og fordi færre får tilbod om rehabilitering og ventetidene blir lengre. Samstundes er det positivt med eit styrkt tilbod til barn og unge.*
>
> *– Fjaler-ordførar Leif Jarle Espedal og varaordførar Marte Haugsbakk*

## Satsar på barn og ungdom

Trass i utfordringane, kom avtalen også med ei gledeleg nyhende: Tilbodet til barn og ungdom vert femdobla.

RKHR har tidlegare hatt tilbod til kring 15 barn årleg som eit pilotprosjekt. No vil kring 70 barn få tilbod kvart år. Det er gledeleg at langt fleire barn og unge som har hatt alvorleg sjukdom eller som har funksjonsnedsetting, no kan få rehabilitering i vår region. RKHR jobbar med å marknadsføre barne- og ungdomstilbodet breitt, slik at det blir godt kjend blant dei som kan ha nytte av det.  Petrine, Sindre og Jon-Kristian er tre av dei som har delteke på opphald for barn og ungdom.

## For pappa Håvard var det fint å sjå Petrine (9) finne meistring etter sjukdommen



**Då Petrine var fire år fekk ho kreft og måtte ha tøff behandling. «På Haugland fekk vi bearbeida inntrykka, både små og store», fortel Håvard.**

«Vi reiste til Haugland med mål om at Petrine skulle få bearbeide det ho tenkte på, snakke om ting og vere saman med andre i same situasjon», fortel Håvard.

Målet vårt er at barn og ungdom som har vore behandla for alvorleg sjukdom eller har ei funksjonsnedsetting, skal oppleve meistring og motivasjon. Petrine fortel entusiastisk korleis ho klatra til topps i klatreveggen og padla på fjorden. «Det var rørande å sjå Petrine strekke seg ekstra for å tore å padle og klatre. Når det går bra og ho får lyst til å gjere det igjen, då ser du i heile uttrykket at ho er glad for at ho torde. Du blir stolt av barnet ditt, glad for at dei klarer det», seier Håvard.

Håvard syntest det var fint å sjå korleis dottera fann saman med og hadde medkjensle for dei andre barna. Det er viktig å ta omsyn til både det fysiske og det psykiske i ei barne- og ungdomsgruppe.

«Noko eg tok med meg heim er at det er fleire måtar å handsame opplevingane vi har hatt på. Det tette og rause møtet med teamet på Haugland gjorde at vi følte oss heime og trygge fort. Barna fekk tillit og forventningar, og eg vart overraska over i kor stor grad dei gjekk ut av komfortsona si.»

Les heile intervjuet med Petrine og Håvard på nettsida vår her.

← Du kan skanne QR-koden for å lese intervjuet frå din telefon.

*Eg forstod etter kvart at den tilpassa aktiviteten og interaksjonen med dei andre var ein konkret metode, som kan vere til stor hjelp både fysisk og psykisk.*

*– Håvard, far*

## Sindre (14) og Åshild: «Opphalda har verkeleg betydd så mykje»



**Etter langvarig alvorleg sjukdom med tøffe behandlingar, slit Sindre med ein del seinskader, som fatigue. Han ønskte å trene seg opp att og møte andre som har opplevd noko av det same.**

Hausten 2021 reiste Sindre og mor Åshild til Haugland for første gong, spente på kva dei hadde i vente. På Haugland vart Sindre og Åshild del av ei gruppe med barn, ungdom og foreldre med ulike erfaringar. Sindre fortel at han opplevde mykje meistring og treningsglede gjennom aktivitetane. Han tykte han fekk god oppmuntring og rettleiing av kompetente tilsette, om blant anna trening, energiøkonomisering og ernæring.

Å bli kjent med andre som hadde liknande erfaringar var veldig kjekt og gjorde at Sindre ikkje følte seg åleine. Ekstra kjekt var det at han fekk ein god kompis som han trente med kvar dag.

Les heile intervjuet her.

← Du kan skanne QR-koden for å lese intervjuet frå din telefon.

*Som forelder var det fantastisk å sjå korleis Sindre blomstra opp og kor kjekt han hadde det. Det var verkeleg fint å sjå kva treninga betydde for han og å vere vitne til all meistringa. Det var også godt å sjå korleis han inkluderte dei andre og kor mykje kjekt dei fann på i lag.*

*– Åshild, mor*

## Jon-Kristian (15) trena på å klare seg sjølv



**Jon-Kristian og pappa Jan Helge deltok på opphald for barn og ungdom på Haugland. Der fekk tenåringen boltre seg i trygge rammer.**

Jon-Kristian har den sjeldne diagnosen Osteogenesis Imperfecta. Det er ein kronisk diagnose, som inneber at beina lett kan knekke. Familien deltek jamleg på slike opphald.

«Eit overordna mål for oss er at Jon-Kristian får trene på å vere sjølvstendig i kvardagen. På Haugland fekk foreldra og ungdommane velje om vi ville bu saman eller i separate hus med ein annan vaksen tilstades. Nokre valde å bu saman, mens det for oss var riktig å bu i ulike hus», fortel far Jan Helge.

Les heile intervjuet her.

← Du kan skanne QR-koden for å lese intervjuet frå din telefon.

*Det var tre gøye veker. Eg likte at eg fekk oppfølging av fysioterapeut, at det var mange ulike typar aktivitet og lite repetisjon.*

*– Jon-Kristian, deltakar på barne- og ungdomsopphald*



*Foto: Ingeborg Sol Fure*

# Døgnbasert arbeidsretta rehabilitering har god effekt

Arbeidsretta rehabilitering virker, og er samfunnsøkonomisk lønnsomt. Det skriv Nasjonalt kompetansesenter for arbeidsretta rehabilitering i ein artikkel på arbeidoghelse.no.

Det er få norske studiar som har sett på effekten av tenestetilbodet for langtidssjukemelde. Effektforskinga så langt tyder samstundes på at døgnbasert arbeidsretta rehabilitering er eit effektiv tilbod for den gruppa som opplever å bli sjukmeld på grunn av samansatte utfordringar i helsa og livet.

Ein effektstudie frå NTNU og St. Olavs Hospital syner at rundt 60 % av deltakarane på døgnbasert arbeidsretta rehabilitering kom tilbake i arbeid, med færre dager på Nav-ytingar og raskare tilbakegang til stabilt arbeid enn dei som fekk eit enklare poliklinisk tilbod med psykoterapi. Dette positive resultatet varte over tid, med ein større andel i arbeid både eitt og to år etter rehabiliteringa.

## På Haugland fann Gunvor vegen tilbake til jobb

**Då Gunvor kom til Haugland var ho langt nede grunna ryggproblem, PTSD og depresjon. Ho var på veg ut av arbeidslivet for fullt.**

Etter to opphald arbeider ho som klatreinstruktør, har klatra Via Ferrata, tatt våttkort, og held foredrag om si eiga reise til inspirasjon for andre. Kva skjedde?

Gunvor grua seg til opphaldet. Då det nærma seg ville ho helst avlyse.

På Haugland møtte ho eit tverrfagleg team som var dyktige i å gi pasientar innsikt i eigen tilstand, og i å utfordre på riktig måte. Teamet brukar ei helsepedagogisk og kognitiv tilnærming. «Teamet var gode til å så nokre frø, og utfordre oss utan å pushe for hardt» fortel Gunvor.

På arbeidsretta rehabilitering fekk Gunvor oppfølging av eit team med blant andre arbeidskonsulent, som også hadde dialog med Nav. Dei utforska ulike moglegheiter. Prossessen med å finne alternativ som kunne fungere for Gunvor var i gang. Etter opphaldet fekk Gunvor draumejobben. Ho jobbar deltid i klatrehallen, som klatrevakt og instruktør for ei klatregruppe.

Les heile intervjuet **her**.

← Du kan skanne QR-koden for å lese intervjuet frå din telefon.

*Opphalda på Haugland og det å lære å utfordre meg sjølv, har betydd så mykje for meg. Eg håper eg kan inspirere andre til å tore å prøve noko nytt.*

*– Gunvor*

# Vi er Miljøfyrtårn-sertifisert

Som Miljøfyrtårn jobbar vi for å minske forbruket, energibruken og avfallsmengda ved Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter.

I 2023 satt vi i gong eit systematisk arbeid for å redusere klima- og miljøpåverknaden til senteret, som resulterte i at vi vart Miljøfyrtårn-sertifisert.  RKHR har som mål å ha eit tydeleg miljøengasjement og støtte opp under FNs berekraftsmål. Vi er stolte over å kunne kalle oss Miljøfyrtårn. Dei viktigaste tiltaka vi jobber med framover er å redusere forbruket, kaste mindre mat, redusere avfallsmengda og ombruke meir.




*Fjaler-ordførar Leif Jarle Espedal overrekte sertifikatet til kvalitetsleiar Linda Meier og adm. dir. Inger Johanne Osland.*



*Den nye pasientfløyen er bygd på nordsida av hovudbygningen. . Den nye fløyen er til venstre.*

# Ny pasientfløy

## Vinteren 2023 utvida senteret med ny pasientfløy.

Styreleiar i Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS Peter Midthun kunne i november klippe den raude snora på Haugland.

Dermed opna han den nye pasientfløyen med:
- Ti nye universelt utforma pasientrom
- Opphaldsrom
- Vaskesentral
- Lager

Dei nye pasientromma er universelt utforma etter høgste standard, og gjer det mogleg å ønske pasientar med større behov for tilrettelegging velkomne hit. Dei nye romma gjer også at alle pasientar får sitt eige bad frå januar.



*Dei vestvendte romma har fjordutsikt.*



*Den nye fløyen har eit opphaldsrom med gode stolar og TV.*



*Skrivebordshjørnet på eit av dei nye romma.*



*Arbeidet vart leia av driftsleiar Elin Håland, her med arbeidslaget.*

# Forsking og utvikling

I 2023 la vi strategi for forsking og utvikling for 2024-2030. Hovudmålet er at vårt arbeid med forsking og utvikling skal vere relevant og praksisnært. FoU-arbeidet skal støtte og forbetre klinisk arbeid (pasientbehandlinga), bidra til innovasjon og sikre høg kvalitet på tenestene.

**VÅR VISJON**

*Vi skal være i spissen for forsking og utvikling innan tverrfagleg spesialisert rehabilitering.*

Vi skal ha systematisk fag- og kompetanseutvikling, vere ein attraktiv samarbeidspart, og integrere ny teknologi og innovative løysingar i behandlinga. Sentralt er å generere ny kunnskap og formidle den til tilsette, pasientar og samfunnet.

**I 2023 har RKHR delteke i følgande forskings- og utviklingsprosjekt:**

- Forskingsprosjektet «VR i arbeidsretta rehabilitering». Dei kvalitative analysane fra intervjustudien «Erfaringer med bruk av virtuell virkelighet og trening av oppmerksomheten» vil bli publisere i løpet av 2024. Dei kvantitative analysane blir publisert i 2025.
- Multisenterstudien Rehabnytte, som har det overordna målet å bidra til betre og meir effektive rehabiliteringstenester. I 2023 er senteret med i ein publikasjon frå studien, «Work Ability in the Year after Rehabilitation». I løpet av dei neste to åra bidreg vi til fem nye publikasjoner.
- Utviklingsprosjektet «Framtidas rehabilitering». Prosjektet omfatta vidareutvikling av den digitale samhandlingsløysinga integrert i journalsystemet Ad Curis. Prosjektet blei gjennomført i tett samarbeid med journalleverandøren Carasent Norge og Sørlandet Rehabiliteringssenter. RKHR har vært del av referansegruppa og forskingsleiar har vore rådgivar i prosjektet.

Våre publikasjoner er tilgjengelege på https://www.rkhr.no/forsking-og-utvikling/publikasjoner/



*Pasientar kan få tilbod om å bruke VR-trening i behandlinga. Foto: Ingeborg Sol Fure*

# Vi digitaliserer samhandlinga med pasienten

## I 2023 la vi grunnlaget for eit digitalt samhandlingssystem

I 2023 har vi tatt fleire store steg på vegen mot digital samhandling med pasientane under heile pasientreisa.

Vi har:

- Teke pilotprosjektet om digital samhandling vidare til det større utviklings- og innovasjonsprosjektet «Framtidas rehabilitering».
- Teke samhandlingsplattformen i bruk til kartlegging av pasientar i alle team.
- Digitalisert innsamling og analyse av data frå kartleggingane.
- Utvikla og testa funksjonaliteten i plattformen.
- Samhandlingsplattforma er ein digital verktøykasse for behandlarar og pasientar. Figuren under syner kva oppgåver pasient kan gjere i pasientportalen.

### Moglegheiter i samhandlingsplattformen

**Pasientportal**

**Før opphold**

- Motta tilbud om opphold.
- Motta informasjonsmateriell.
- Sende inn nødvendig informasjon og bilde.
- Besvare kartleggingsskjemaer.
- Dele dokumenter.

**På opphold**

- Tilgang til og deling av timeplan.
- Deling av rehabiliteringsplan.
- Chat direkte med behandlere.
- Tilgang til treningsprogram.
- Tildeling og gjennomføring av oppgaver/tester.
- Besvare kartleggingsskjemaer.

**Etter opphold**

- Tilgang til epikrise.
- Besvare evalueringsskjema.
- Besvare kartleggingsskjema.
- Oppfølging med chat.

I denne heildigitale løysinga kan data både oppstå, lesast og skrivast mellom ulike partar i behandlinga og deretter samlast for rapportering, analyse og vidare bruk (t.d. i forsking).

Sidan 2021 har RKHR vore med å utvikle og teste den digitale samhandlingsplattforma saman med journaleverandør Carasent Norge AS. Plattforma er tett integrert med journalsystemet Ad Curis, der all informasjon om pasientbehandlinga elles er samla. Nivå 4-tryggleik gjer det mogleg å formidle sensitive opplysingar.

Den digitale samhandlingsplattforma kan bidra til å setje pasienten i sentrum av eigen behandlingsprosessen.

Digital kartlegging før ankomst hjelper både pasientar og behandlarar å førebu seg til opphaldet. Tida på rehabiliteringsinstitusjon vert betre utnytta, og behandlinga kan bli individuelt tilpassa. Pasienten får større eigarskap til rehabiliteringsprosessen, noko som kan auke motivasjon og betre effekten av behandlinga. Samhandlingsplattforma gir også moglegheit til digital oppfølging etter opphaldet.

I 2023 er grunnlaget lagt, og framover vil vi fokusere på å implementere den fulle breidda i plattformen i organisasjonen.  Dette arbeidet inngår også i vårt langsiktige mål om å lage eit kvalitets- og forskingsregister.

# App for barn og ungdom

I 2023 har vi også tatt i bruk ein eigen app for digital samhandling med barn og unge.

I samarbeid med selskapet Adfectus har vi utvikla vår versjon av appen, der barn og unge kan formidle kva forhold dei har til våre aktivitetar på førehand.

Dei kan også gå på ei virtuell omvisning på senteret og få praktisk informasjon om for eksempel kva dei skal pakke når dei kjem til oss.



# Nettverksarbeid

Vi var med i følgjande faglege nettverk i 2023:

- Nasjonalt nettverk for arbeidsretta rehabilitering
- Nettverk av ressurssjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Sogn og Fjordane
- Referansegruppe for Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering
- Programnemnd for Tverrfagleg forskingskonferanse innan rehabilitering (Helse Vest)
- Nasjonalt nettverk for uterehabilitering
- Nettverk for forskning og fagutvikling innen kreftrehabilitering
- FoU-nettverket i Virke Rehab
- Det nasjonale kliniske nettverket tilknyttet REMEDY (Forskningssenter for behandling innen revmatologi og muskelskjelettsykdommer)
- Forskingsgruppen Samhandling og folkehelse (HVL Førde)
- Arbeidsgruppe for Møteplass for habilitering og rehabilitering i Sogn og Fjordane
- Rehabilitation International Norge (RI Norge)
- Fagråd ved Fagskulen Vestland, studie rehabilitering, kvardagsmeistring og velferdsteknologi
- Fagnettverk for aktivitetshjelpemiddel

# Kompetansespreiing

## Som del av spesialisthelsetenesta skal vi bidra til kompetansespreiing gjennom opplæring og utdanning.

Senteret tek dette samfunnsansvaret på alvor og har tilbod om hospitering for helsepersonell frå både kommune- og spesialisthelsetenesta, bidreg med opplæring i kommunar der det er relevant og tilbyr praksisplass for studentar under utdanning.

Vi har gjennomført tre hospiteringar i 2023. To ergoterapeutar frå Vaksdal kommune, hospiterte to dagar der fokus var på ergoterapi for pasientar med hjerneslag, inkludert ADL og hånd- trening, samt oppfølging av felles pasient.

Ein sjukepleiar frå Haukelanduniversitetssjukehus hospiterte tre dagar med fokus på rehabilitering og parkinsonsjukdom, og ein sjukepleiar frå Nærland rehabilitering, hospiterte 2 dagar på sjukepleieavdelinga.

Kvart år tek vi i mot to turnuskandidatar i fysioterapi i tillegg til praksisstudentar. I 2023 hadde vi to turnuskandidatar frå Høgskulen på Vestlandet som gjennomførte ordinær turnustid på 6 månadar.

I 2023 hadde vi også totalt 11  studentar i praksis fordelt på faggruppene; fysioterapi (2), ergoterapi (2), sjukepleie (5) og idrett (2). Alle studentane kom frå Høgskulen på Vestlandet (Førde, Sogndal og Bergen).

I tillegg til studentar, har vi og hatt elevar på Helsefag frå Dale vidaregåande skule og Arna videregående skole frå 14 dagar til ein dag i veka i periode på 8 veker.

Institusjonen er ikkje lenger godkjent som utdanningsinstitusjon og har difor ikkje kunne ta inn lege som held på med spesialisering innan fysikalsk medisin og rehabilitering i denne perioden. Det vert imidlertid sett på moglegheit for å kunne få godkjenning slik at vi i framtida kan bidra til å utdanne leger til denne spesialiteten.



*Senteret har utprøving av aktivitetshjelpemiddel som ein del av tilbodet. Foto: Ingeborg Sol Fure*

# Rehabiliteringstilbodet i 2023

## Kven var pasientane?

- 1217 pasientar
- **67%** kvinner og **33%** menn
- Snittalder var 51 år, men stor variasjon frå 5 til 87 år.
- **7,4%** var under 30 år, **9%** over 70 år.
- **61%** kom frå tidlegare Hordaland fylke og Sogn og Fjordane var nest størst med **25%**.
- Bergen er den største enkeltkommunen, der **30%** av pasientane høyrde heime
- Totalt var 74 kommuner representert.



Vi hadde flest pasientar på tilbod for muskel- og skjelettlidingar og arbeidsretta rehabilitering.




# Kartlegging: Dei fleste oppgir at helsa blir betre

Vi kartlegg pasientane med ulike verktøy for kliniske føremål, altså for å kunne gje den beste behandlinga. Slik evaluerer vi også effekten av behandlinga.

Eit viktig verktøy for å undersøke om rehabiliteringa har effekt for den enkelte, er å undersøke kva pasientane sjølv opplever (såkalla pasientrapporterte utfallsmål). Ein del av pasientane ved RKHR lev med kroniske tilstandar, og målet med opphaldet kan vere å meistre kvardagen med dei utfordringane ein har. Då kan opplevd livskvalitet og psykisk helse vere gode mål for effekt.

**I 2023 har vi systematisk kartlagt effekten med følgande spørjeskjema:**

**PGIC:** Pasienten oppgjer ved avreise om tilstanden sidan starten av behandlinga har endra seg på ein skala frå 1 (veldig mykje betre) til 7 (veldig mykje verre).

**EQ-5D-5L:** Pasientane svarer ved innkomst og avreise på funksjonsnivå for gange, personleg stell, vanlege gjeremål, smerter/ubehag, angst/depresjon på ein skala frå 1 (ingen problem) til 5 (ekstremt store problem) og sjølvopplevd helse på ein skala frå 0 (den dårlegaste helsa du kan tenke deg) til 100 (den beste helsa du kan tenke deg).

**HADS:** Pasientane oppgjer i kva grad dei kjenner på angst og depresjon ved innkomst og avreise (normal, milde, moderate eller alvorlege symptom).

*Den overordna tendensen i statistikken for 2023, er at dei fleste pasientane sjølv opplever at tilstanden er betre etter opphaldet.*



*Tilrettelagt fysisk aktivitet og friluftsliv er ein sentral del av RKHRs metode. Foto: Ingeborg Sol Fure*

I svara på PGIC ser vi at 71,3 % av pasientane rapporterte betring som anten er minimalt, mykje eller veldig mykje betre etter opphaldet.

Gruppene hjerneslag og sjukleg overvekt skil seg ut som dei som rapporterer størst betring etter opphaldet. 85 % av pasientane med hjerneslag og 83 % av pasientane med sjukleg overvekt rapporterte ei betring som anten er minimalt, mykje eller veldig mykje betre etter opphald. I gruppa CFS/ME er det færrast som rapportert om positiv endring (41, 3 %).

Også for gruppene kreft, nevrologi og øyre/øyrebensknute (vestibulær og tinnitus) var talet høgt: ca. 80 % opplevde ei betring etter opphaldet.

Resultat frå kartlegging med EQ-5D-5L viser at pasientane oppgjer totalt sett størst gjennomsnittleg forbetring i kategorien "smerter/ubehag". Resultata syner statistisk signifikant forbetring i alle dimensjonar, bortsett frå "personleg stell". Samandragsindeks oppsummerer resultat frå alle fem områda/dimensjoner. Den viser total forbetring frå 0,60 til 0,64, noko som viser svak klinisk relevans. Referanseverdien for normalpopulasjon i Norge er 0,81. Gjennomsnittleg forbetring i sjølvopplevd helse gjekk totalt frå 48,4 ved innkomst til 54,6 ved avreise (norsk referanseverdi er 77,9). Pasientar i gruppene "sjukleg overvekt" og "øyre/øyrebensknute" rapporterte størst forbetring i sjølvopplevd helse.

Resultat fra HADS kva gjeld angst syner at 55,7 % av alle pasientane var innanfor normalverdiane for angst ved innkomst. Det vil seie at dei ikkje kjende på angstsymptom. Andelen hadde auka til 65,6 % ved avreise. Talet på pasientar som ikkje kjende symptom på depresjon, auka frå 66,9 % til 73,0 %. Dette tyder på at færre opplever angst og depresjon ved avreise enn ved innkomst.

Kreftpasientar rapporterte den største forbetringa når det kjem til angst. Pasientar i gruppa nevrologi rapporterte den største reduksjonen i depresjon (sjølv om andelen i denne gruppa som oppga at dei var deprimerte også var lågare enn snittet).



*Skyting er ein av mange fysiske aktivitetar vi bruker i tilbodet. Foto: Ingeborg Sol Fure*

# Brukarevaluering: Høg tillit og opplevd betring i fysisk og psykisk helse

For å kunne sikre høg kvalitet og vidareutvikle tilboda våre er vi avhengig av tilbakemeldingar frå brukarane.

Brukarevalueringsskjemaet som alle pasientane vert oppfordra til å fylle ut ved avreise, er eit viktig verktøy for at vi kontinuerleg kan forbetre tilboda. Stort sett er tilbakemeldingane svært gode, og særleg ser vi at pasientane er godt nøgde med behandlarane.

99 % av pasientane hadde tillit til at behandlarane var fagleg dyktige og opplevde at behandlarane møtte dei høfleg og med respekt.

Pasientane oppgjer og at dei har hatt utbytte av opphaldet (94 % ) og dei oppgjer utbytte både på fysisk og psykisk helse. Like viktige er det å få tilbakemeldingar på dei områda vi har forbetringspotensiale.

Område vi ser at vi skal ha ekstra fokus på framover er:

- Å førebu pasientane på tida etter utskriving.
- Ha meir fokus på rettleiing, spesielt rettleiing på korleis dei kan meistre problem som er følgje av tilstanden.

Vi har gode fasilitetar, godt utstyr til rehabiliteringa og pasientane opplever at uteområda i stor grad er tilrettelagt for deira behov. Vi ser likevel at vidareutvikling av uteområde med fleire tilrettelagte turstiar og samlingstadar vil gje fleire moglegheit til å delta i uteaktivitetar og oppleve friluftsliv.

# Badeland

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter har det største bassenganlegget i området. Bassenga er ein viktig del av rehabiliteringstilbodet, men er i tillegg til nytte og glede for lokalbefolkninga. Det er fleire faste grupper som nyttar bassenga ila året, her under skular, barnehagar, studentar og lokale symjegrupper.

Bassenga er og i bruk av Fjaler Symjeklubb som gjer ein viktig jobb med symjekurs for lokale barn og unge. RKHR har ope basseng kvar søndag og Badeland er då godt besøkt av små og store badegjestar.

I 2023 tok vi totalt imot kring 26 000 besøk i bassenga. Vi har i 2023 hatt seks badevakter i fast stilling.



*Foto: Ingeborg Sol Fure*

# Årsrekneskap for 2023

## Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

### 1. Art og lokalisering

Selskapet er eit ideelt aksjeselskap som har som formål å tilby habilitering og rehabilitering for personar som har eller står i fare for å få begrensing i sin fysiske, psykiske eller sosiale funksjonsevne. 1217 personar fekk rehabilitering ved institusjonen i 2023.

